



Arrangørane Morten og Marianne Nilsen (til høgre) saman med det sigrande lag Sjøhuset: Harald og Marianne Pedersen, Trygve Harald Hermansen og Birger Myklebust.

Quiz nummer 3 på Vertshuset vart vunne av eit lag som kalla seg Sjøhuset etter eit hyperspennande oppgjør. Det vart først avgjort på ekstraomgangar!

Interessen for onsdagsquizen er aukande ettersom deltakinga denne gongen kom opp i 9 lag og vert og programleiar Morten Nilsen har grunn til å vera svært fornøgd med kvelden.

Saman med syster Marianne sørga han for ein prikkfri og profesjonell avvikling.

Også denne gongen hadde Torfinn Myklebust klekka ut spørsmåla. Dei var nok litt lettare enn sist, for det var problem med å skilla klinten frå kveiten.

Men at nesten alle laga fekk svært høg score kan og skyldast stigane formkurve! Som ein av deltakarane sa det: - Dette er fyrste gongen for oss og vi kjem sterkare etter kvart!

Då dei 5 rundane samt den ofte utslagsgjevande tiaren var unnagjort var både førsteplassen, andreplassen og tredjeplassen delt mellom 2, slik at situasjonen var denne før ekstraomgangane::

- 1.. Sjøhuset 51
1. White Trash 51
2. Nesjarane 42
2. Stord 1 42
3. Team Bavaria 39
3. Ponus på tur 39
7. Bringebust 31
8. Snikende ullsokk 33
9. Troll 24.

Ekstraomgangane avgjorde altså at Sjøhuset gjekk til topps, framfor White Trash, Nesjarane og Stord 1. Også denne gongen var premiane gåvekort på Vertshuset "pålydande 900, 600 og 300 kroner. Av Ola Matti Mathisen